

# korform



i hovuda på tilhøyrarane. Og songen er, som alltid med Fjellkoret, også vakker. Ikkje alle melodiane er like prangande og magiske, men når dei røynde songarane dreg i gang med Vamps «Månemannen» og «Dar kjem dampen», blir det verkeleg stemning i salen.

**SOLVEIG SI FERD** frå Bergen til Hardanger, til Florø og så til Haugesund har ein fin balanse mellom mengda song og dialog. Og sjølv sagt hamnar ho til slutt på Tveit på Sotra, der ho endeleg finn slekta. Og smila til Solveig står godt til smila hjå publikum, som har god grunn til å vera nøgde. Sjølv om songen står i sentrum, gjer Fjellkoret langt frå skam på seg gjennom skodespelinga. Dyktige musikarar er og med på å støtta oppunder det mektige

lydbiletet Fjellkoret klarar å frambringa. Og at linken mellom handling og songane ikkje alltid er særleg sterk, gjer fint lite. Premieren er ein klar suksess, og koret kan senka skuldrene og heva glasa.

– **EG ER VELDIG NØGD.** Me har hatt fjorten dagar med øving kvar dag, og det inneber både frustrasjon, sorg og glede, seier korleiar Hildegunn Lygre.

Men frustrasjonane er gløynde når premieren er over.

– Det er verdt det når ein står på scena og får responsen frå publikum. Då kjenner ein at sirkushesten i oss kjem fram, seier ho.

«Vestlandet i meg» skal også synast komande helg. Så kan koret slappa av og sjå fram

mot sin eigen, interne 25-årsfest 13. november. Men truleg blir det ikkje lenge før Fjellkoret byrjar å jobba med neste store opptreden.

– Det tek eit par år før ein idé vert født til me står klare på scena, seier Hildegunn Lygre.

Og den som ventar på noko godt, får tola å venta eit par år på neste kor-blinkskot.